

Plast med minne

Har du nokon gong lurt på korleis eit plastbeger blir laga? Med dette eksperimentet finn du ut kva det betyr at plasten har "minne"

AV ØYSTEIN N. ØKSENVÅG | PUBLISERT 14 MAR 2025

Illustrasjon av hvordan man gjennomfører plast med hukommelse eksperimentet

Illustrasjon: Melkeveien designkontor

Korleis blir plastbeger laga på fabrikk? Korleis fungerer plast med "minne"?

Smart plast

Med dette eksperimentet kan du finne ut korleis plastbegera såg ut før dei fekk den forma som dei har no. Det er nær slik at materialet som slike plastbeger er laga av, har eit eige "minne".

Tilbake til byrjinga

Om du følgjer oppskrifta på eksperimentet, vil du sjå korleis det smarte plastmaterialet fungerer. Du vil også sjå korleis du kan få det til å bruke sitt eige "minne" til å forvandle seg tilbake til den opphavlege forma si.

Dette treng du:

1. yoghurtbeger, rømmebeger eller andre tomme beger i same materiale
2. steikjeomn

Slik gjer du:

1. Set omnen på 150 grader celsius.
2. Set inn eitt eller fleire beger og vent.
3. Snart skjer det noko merkeleg ...

Kva skjer?

Begera er laga av ein type plast som har "minne". På fabrikk vart plasten pressa ut frå ein flat folie og gjort om til beger ved 150 grader celsius. Når vi varmar opp plasten til same temperatur, fell han tilbake til den flate forma.

REALFAG EKSPERIMENT

Meldinger ved utskriftstidspunkt 3 april 2025, 21:09 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.